

**KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 1128/96****av 24. juni 1996****om gjennomføringsreglar for samanstikking av bordvinar i Spania(\*)****KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR-**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 822/87 av 16. mars 1987 om den felles markedsordning for vin<sup>(1)</sup>, sist endra ved forordning (EF) nr. 1544/95<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 16 nr. 5 og artikkel 83, og

ut frå desse synsmåtane:

Etter artikkel 16 nr. 5 i forordning (EØF) nr. 822/87 er det i prinsippet forbode å stikke ein kvit bordvin saman med ein raud bordvin, men det er fastsett eit unntak for Spania.

På grunnlag av dette unntaket bør det fastsetjast særlege gjennomføringsreglar for Spania, og desse bør sjåast i samanheng med vindyrkingsstrukturen og forbruksvanane, som utviklar seg seint, inntil problemet vert løyst i samband med reformen i vinsektoren.

For at kvite bordvinar og raude bordvinar berre skal kunne stikkast saman i den staten der det er naudsynt, er det svært viktig å syte for at vinar som er framstilte etter ein slik praksis, ikkje kan konsumerast utanfor Spania.

I kommisjonsforordning (EØF) nr. 2238/93<sup>(3)</sup> er det fastsett kva dokument som skal følgje med ved transport av vinprodukt.

Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegnane frå Forvaltingsutvalet for vin-

**VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:****Artikkel 1**

1. I medhald av artikkel 16 nr. 5 i forordning (EØF) nr. 822/87 skal det på territoriet til Spania vere tillate å stikke ein vin eigna til å gje ein kvit bordvin eller ein kvit bordvin saman med ein vin eigna til å gje ein raud bordvin eller med ein raud bordvin, på det vilkåret at det framstilte produktet har kjenneteikna til ein raud bordvin og inneheld minst 75 % raudvin.

2. Spanske raude bordvinar og rosébordvinar som er framstilte ved samanstikking slik det er gjort greie for i nr. 1, kan ikkje gå inn i handelen med dei andre medlemsstatane eller eksporterast til tredjestatar.

3. Ved gjennomføringa av nr. 2 skal den rette styresmakta som er peika ut av Spania, attestere opphavet til spanske raude bordvinar og rosébordvinar ved å setje eit stempel i den rubrikken som etter orda «vin som ikke er framstilt ved hvit/rød sammenstikning» er sett av til offisielle merknader i det dokumentet som er fastsett i forordning (EØF) nr. 2238/93.

**Artikkel 2**

Denne forordninga tek til å gjelde den dagen ho vert kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Ho skal nyttast frå 1. januar 1996.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 24. juni 1996.

For Kommissjonen

**Franz FISCHLER**

Medlem av Kommissjonen

(\*) Denne EF-rettsakten, kunngjord i EFT nr. L 206 av 16.8.1996, s. 31, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 102/97 av 15. desember 1997 om endring av EØS-avtalens protokoll 47 om opphevelse av tekniske hindringer for handel med vin, se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(<sup>1</sup>) TEF nr. L 84 av 27.3.1987, s. 1.

(<sup>2</sup>) TEF nr. L 148 av 30.6.1995, s. 31.

(<sup>3</sup>) TEF nr. L 200 av 10.8.1993, s. 10.